

Meld deg inn i idrettslaget no

24.05.2012

Anbjørn Høivik i Uskedal idrettslag oppmodar dei som kan tenkj seg å melda seg inn i UIL om å gjera det før 2. juni, Ei veke eller to vert den årlege fellesutsendinga av medlemskontingenten postlagt og det lettar arbeidet mykje å ha medemslista i orden før dette skjer.

På heimesida til laget finn ein informasjon om kontingentsatsar og korleis ein kan melda seg inn: www.uskedalil.no

- Vi nyttar elles høvet til å takka trufaste medlemer gjennom mange år. Idrettslaget har god oppslutnad i bygda og vi er stolte over å ha eit kvart tusen medlemer, seier Høivik.